

## Rapport frå skulebesøk (del 2)

Dato: 09.05.2018

Emne:	<b>Rapport del 2, skulebesøk Olsvikåsen vgs 06.04.2018</b>	
Til stades:	Helene Systad, Bengt Håkon Lund, Hege Reksten, Helge Ø. Andersen, Therese Kleppestø Sissel Øverdal, Venke Barrikmo	
Forfall:		
Møtetid:	12.00-13.30	Møtestad: Olsvikåsen vgs

**Møteleiar: Sissel Øverdal**

**Referent: Venke Barrikmo**

### E. Oppfølging av del 1 i lys av skulen sine resultat

#### Innspel frå skuleleiinga:

- Elevinspektøren sine oppgåver – korleis fordele? Skal ein eventuell vidareføring av MOT leggjast som ei leiaroppgåve? Elevinspektør sin årsplan må vurderast fordelt på leiing og kontorpersonalet.
- Manglande forståing for arbeidstidsavtala
- Elevrepresentantane vil sakne eit bindeledd til leiinga, difor må leiinga ta stilling til ein ressurs på samarbeid med elevrådet.
- God kultur og system i arbeidet med § 9A
- Med ny rektor må det til ein nytenking i oppgåvefordelinga, og ressursfordeling må prioriterast no

#### Innspel frå skuleeigar:

- Utviklingsplanen; vidareutvikling og revidering nødvendig.
- Mobbetall frå Elevundersøkelsen, må følgjast opp, med mål om nulltoleranse
- Fokus vidare på fråvær og vurdering
- KDA; vidare arbeid med problemstillingar der

### F. Skuleleiinga si rolle i arbeid med tilstandsvurdering og utvikling i lys av pedagogisk plattform

- Profesjonsutvikling må synleggjera i utviklingsplanen.
- Erfaringsdeling på fleire arenaer, ikkje berre på avdelingsnivå, men òg i plenum for at utviklingsarbeid skal bli kjent for alle.
- Den gamle utviklingsplanen er prega av rutinar, difor bør tiltak som er implementerte, fjernast. Planen skal signalisere utvikling.

### G. Drøfte val av strategiar og prosessar

- Rektor understrekar at komande år må brukast til å utarbeide ny utviklingsplan, og sikre god medverknad.
- Læringsprosjekt blant lærarane, må ha krav om samarbeid. Utfordre delaktige i læringsprosjekt til samarbeid på ulike/tverrfaglege arenaer.
- Leiagrupperna understrekar at undervisningsevalueringa kjem for seint på året, vanskeleg å skape ei eventuell endring gjennom hektiske vårmånader.
- Avdelingsleiarane har ei ekstra oppgåve til å vere i dialog med lærarane om kva som skal bevarast og kva som skal vidareutviklast.
- Sikre eit godt samarbeid med elevrådet i det vidare arbeidet

#### **H. Prosess vidare og punkt til oppfølging i samtalene mellom rektor og regionleiar**

- Arbeidsfordeling, post elevinspektør
- Økonomi
- Framdrift i arbeid med ny utviklingsplan
- Arbeidstidsavtala
- VIP makkerskap og klassen sin time som verktøy i arbeidet med læringsmiljøet

Godkjent av:

Rektor: Helene Systad

Regionleiar: Sissel Øverdal